



Børsdalsnissen imponerte etter å ha ete graut

Den kom som bestilt, den ekte julestemningen då Grano skulle tennast i ettermiddag. Tidlegare på dagen var det eit skikkeleg ruskever med kraftig vind og snøfall men då klokka var 17 hadde vergudane roa seg. Og ettersom det berre var ein minusgrad kunne musikklaget spela i ly av Grano utan problem. I fjor var det så kaldt at dei måtte flytta inn på Helgheim.



Pål Ingmar og Patrick med ein spennande konstruksjon

Men damevennene tok naturleg nok ingen sjansar  
- dei droppa oppsetting av teltet ute og flytta inn  
på Helgheim med sal av nek og gløgg. Der kunne ein  
også få alt frå graut via spekemat til produkt frå  
Forever Living - og eit vidt spekter av elevlaga ting.





Kakebordet i Gamleskulen var svært fristande

Til dømes kunne tredjeklassingane Pål Ingmar og Patrick lokka med ein høgst original konstruksjon - ein adventstege som nissen kunne klatra på! Julekuler var eit anna populært produkt, men her skjedde det ei lita ulukke då ei kule med Sander Øyes namn på vart seld til ein annan enn foreldra! Det er ikkje for seint å retta opp misforståinga!

Ein programpost som mange hadde sett fram til var at Børsdalsnissen skulle koma. Og det gjorde han i høgste grad sjølv om han ikkje kan unngå å vera prega av åra. Vi tenkjer særleg på at han, etter å ha kost seg med ein stor grautporsjon i Helgheim, imponerte med julesong av hedemarkingen Prøysen til eige pianoakkompagnement i Gamleskulen. Er det nokon annan nisse på Vestlandet som kan prestera noko slikt?

Og apropos Gamleskulen: Også der opererte damevennene og frista med eit kakebord som det ikkje var lett å skilja seg frå.



Det var ikkje kaldare enn at Musikklaget kunne spela ute

I det heile var det ei vellukka markering, men har vi rett i at frammøtet var noko mindre enn til dømes i fjor?





Damevennene flytta inn med neksalet

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Terese Lokøy og Silje Mathiesen selde produkt for Forever Livingt